

Fra: Asbjørn Nagell Toft
Sendt: fredag 28. april 2023 10:46
Til: Mette Eilertsen
Emne: SV: Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune-Planutkast - Tilbod

Til Mette Eilertsen

Takk for svar.

Ja me utvidar med resten av summen, om naudsynt, det er naturleg det.

Levering i september er ok, sjølv sagt.

Så her kan de starta opp.

Med vennleg helsing
Asbjørn Nagell Toft
Avdelingsleiar

.....

Austrheim kommune
Telefon: 56 16 21 41/416 51 463
www.austrheim.kommune.no



Fra: Mette Eilertsen <mette@radgivende-biologer.no>
Sendt: fredag 28. april 2023 10:42
Til: Asbjørn Nagell Toft <asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no>
Emne: SV: Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune-Planutkast -Tilbod

Hei Asbjørn!

Beklager seint svar, det har vore nokre hektiske dagar.

Me gledar oss til å ta fatt på dette arbeidet, men truleg vil det bli knapt å få ferdig utarbeida kommunedelplan innanfor denne ramma. Eg meiner du nemnde det i telefonen, at om me ser det ikkje går, so får me utløyst dei resterande 50.000?

Rapporteringsfristen er noko knapp med 2 mnd leveringstid, no når me går inn i ein hektisk periode med feltarbeid. Skulle helst ynskje ein leveringsfrist i september på grunn av ferieavvikling i juni/juli. Eg ser at dykkar frist er i slutten av desember for levering av sluttrapport. Med seks veker høyringsfrist, so burde det kanskje gå med levering i september? Om ikkje, kva kan me strekke det til?

Nynorsk skal bli!

Høyrer frå deg.

Beste helsing

	<p>Mette Eilertsen Dagleg leiar Rådgivende Biologer AS</p> <p>Mob 47 39 63 76 Edvard Griegsvei 3D, 5059 Bergen www.radgivende-biologer.no</p>
---	---

Fra: Asbjørn Nagell Toft <asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no>

Sendt: tirsdag 25. april 2023 15.43

Til: Mette Eilertsen <mette@radgivende-biologer.no>

Emne: Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune-Planutkast -Tilbod

Til Mette Eilertsen

Rådgivende biologer får hermed arbeidet med å laga eit planutkast til **Kommunedelplan for Naturmangfald i Austrheim kommune**.

- Få oversikt over kunnskapen ein har i dag
 - Rapportar
 - Naturbase
 - Artskart
 - Lokalkunnskap

Det vert ein gjennomgang av eksisterande info i digitale baser. Eg vil og supplera med opplysningar her fortløpande. (nyare planarbeid og utgreiingar her)

-Lage enkle/oversiktlege kart som samansett innsamla kunnskap.**Utarbeida arealstrategiar for vidare arealplanlegging.**

De frå oppdraget innafor kr. 100.000 pluss mva.

Om det vert meirarbeid etter at planen har vore på offentleg ettersyn så tek me dette på timepris.

Me vil ha særleg fokus på kulturlandskap (kystlynghei, naturbeitemark og strandareal), skjøtsel av desse. Ein plan mot attgroing. Ein vesentleg naturtype i kommunen er kystlynghei, noko som me vier mykje fokus i oppstartsvarselet. Dette er ein kompleks biotop som ikkje berre krev å ikkje verte bygd ned, men der aktiv landbruksdrift og skjøtsel er naudsynt for ivaretaking av det biologiske mangfaldet. Arbeidet med naturmangfaldsplanen må bidra til å styrke merksemda og samarbeidet på dette feltet.

Edellauvskog (lite me me har til dømes på Synnevåg (Bakkøyna) , Toftegård, sørvestvendte lier.

Marint naturmangfald.

Særleg sterke straumar, tareskogar.

ålegras, korallar, blautbotn, østers og litoralbasseng.

Av relevante kartløsninger bør nevnes Kystinfo og BarentsWatch. Kartløyninga Yggdrasil. Her finn ein mykje kunnskap og informasjon om biologisk mangfold i sjø.

Naturreservat

Fuglereservat

Marine verneområde

Særleg viktige område:

- Purkebolsvatnet og dei fire vatna/vassdraget her
- Fosnstraumen
- Årvikane/Vardetangen
- Leirvågen (marsk)
- Børilden
- Krossøy
- Lyngoksen
- Solevatnet
- Langøyne (naturbeitemark)
- Dyrøy (naturbeitemark)
- Mefjordbåen (fugl)
- Grunnosen (fugl) Sandbotn.Børilden
- Vaulen (fugl) blautbotn/
- Stridsholmen (fugl)
- Kuøyna (fugl)
- Lurefjorden
- Kvalvågen
- Kilstraumen
- Bakkastraumen

Me vil og ha kontroll med framande treslag, som til dømes sitkagran og ein enkel plan for det.

Vipe og storspove er fuglar me enno ser her.

Kartlegging/auka kunnskap om hubro og andre sjeldne raudlistartar kan førast som eit framtidig behov i planen der de ikkje har kunnskap nok. Det er også registrert hubro i kommunen, og planarbeidet kan vere ein anledning til å få kartlagt denne nærmare. Kommunen må då vere oppmerksom på at denne arten er unntatt offentlegheit, og dette må ivaretakast i planprosessen.

Me vil informera om at kommunen vår har spesielle utfordringar i arbeidet med å ivareta naturmangfald. Desse er mellom anna:

Nedbygging av urørte naturområde til andre føremål

Press på strandsona og sjøareal

Støy og forstyrningar i hekkeområde

Attgroing av sitkagran som sprer seg ukontrollert inn i nye område

Generell attgroing av ymse typar av eldre verdifulle kulturlandskap

Skogplantinga som skjedde noko tilfeldig her som andre stadar på kysten

Myr- og våtmarksområde som gror att eller vert bygd ned

Gardsbruk med kystlyngheier og beiteområde som vert fråflytta/lagt ned

Færre landbrukseigedomar i aktivt drift enn tidlegare, husdyra forsvinn og med det ein del artar

Få mjølkeprodusentar att, berre 3 stk. i kommune vår, då forsvinn og ein del andre artar

Mink og andre framande artar som truar vår fauna, mellom anna truar dette fuglelivet

Spreiing av svartlista plantar som hemlokk, parkslirekne, lupin og brunsnigel truar andre plantar

Klimaendringar på land og i hav framover

Tilhøva for pollinerande insekter som slit mange stadar

Sjøauren har det vanskeleg no på grunn av lakselus og andre utfordringar i sjø/vassdrag

Miljøkriminalitet (eggsamlarar/ulovleg jakt og forureining av natur)

Rapportar frå før er.

Miljøfaglig Utredning Rapport 2004: 9 Supplerende undersøkelse Biologisk mangfald i Austrheim kommune ISBN NUMMER 82-92227-82-2

Naturtypekartlegging MVA rapport 1/2003

Vilkartlegging 2003 MVA rapport 8/2003

Naturmiljø fagrapport (kunnskapsgrunnlag) Konsekvenser for naturmiljø ved etablering av rørledninger fra Johan Sverdrup feltet. Ecofact rapport 360.

Tillegutgreiing Ecofact

++++ mange fleire

Litt info til slutt:

Arbeidet må gjerast i samsvar med krav i brev: Utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfold - utbetaling jf. tidligere tilsagnsbrev frå Miljødirektoratet

Austrheim kommune
Sætre marka 2
5943 AUSTRHEIM

Trondheim, 24.06.2022

Deres ref.:
22S0EF80
Asbjørn Nagell Toft

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2022/176
22010319

Saksbehandler:
Terje Domaas

Utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfold - utbetaling jf. tidligere tilsagnsbrev

Vi viser til søknad om tilskudd fra 06.01.2022 med referansenummer 22S0EF80 og Miljødirektoratets brev fra 04.03.2022. Som grunnlag for utbetaling vises til innsendt delrapport fra Austrheim kommune v/Asbjørn Nagell Toft datert 01.04.2022 med vedtak om oppstart av planarbeid.

Vi vurderer kriteriene for å få tilskudd som oppfylte og utbetaler kr 150 000 til konto 1594 11 80407 med betalingsreferanse SOKNAD-22S0EF80-ASBJØRN NAGELL TOFT.

Bruken av midlene kan bli kontrollert

Miljødirektoratet og/eller Riksrevisjonen kan kontrollere om tilskuddet er brukt i tråd med betingelsene for å få tilskudd og vilkårene knyttet til tilskuddet.

Miljødirektoratet kan kreve at tilskuddet blir helt eller delvis tilbakebetalt dersom du/dere ikke bruker midlene i tråd med betingelsene og vilkårene.

Du/dere må oppbevare bilagene til regnskapet for tiltaket i tråd med bokføringslovens generelle regler om bilag.

Hilsen
Miljødirektoratet

Krav til rapportering:

Vi stiller følgende krav til rapportering

Leveranse	Beskrivelse	Frist
Delrapport	Varsel om planoppstart	01.11.2022
Sluttrapport	Sluttrapport	31.12.2023

Rapportering skjer i elektronisk søknadssenter.

Tilsagnet er gyldig til 31.12.2023. Tilsagnet faller bort, dersom du/dere ikke overholder rapporteringskravene.

Det formelle:

Kommunedelplan for Naturmangfold i Austrheim kommune - Oppstart av planarbeid

Formannskapet vedtok i sak 032/22 den 24.03.2022 at planarbeid for **Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune** vert starta opp. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 11-12.

Målet med kommunedelplanen er å få ein samla oversikt og ein heilskapleg framstilling av naturmangfaldet i kommunen. Det vil og kunne føra til auka interesse for folk flest for naturen vår og for dei ulike artane me kan finna i kommunen. Ein slik kommunedelplan vil kommunen bruka som eit verkty for å få ein så god arealforvaltning som mogeleg framover. Også for bønder og grunneigarar som ynskjer å ta vare på kystlyngheia og naturbeiteområda/kulturlandskapa sine vil dette vera ein nyttig kunnskap. Dette planarbeidet kan og verta eit viktig verkty i arbeidet med å forvalta sjøareala på ein god og berekraftig måte framover. Me vil i dette arbeidet få meir kunnskap om dei marine naturtypene i kommunen.

Du kan lesa om planoppstarten på kommunehuset eller på Austrheim kommune si

heimeside: <https://www.austrheim.kommune.no/innhald/politikk-og-administrasjon/offentlegehoeyringar/>

Innspel til dette planarbeidet må sendast til Austrheim kommune innan 10. mai 2022. Adresse er:

Austrheim kommune, Sætre marka 2, 5943 Austrheim eller på e-post: post@austrheim.kommune.no.

Me legg ved ein del vedlegg i saka.

Me vonar å få eit planutkast innan 5. juni, om det ikkje går så innan 20. juli 2023.

Lykke til med planarbeidet.

Skriv på nynorsk.

Med vennleg helsing
Asbjørn Nagell Toft
Avdelingsleiar

.....

Austrheim kommune
Telefon: 56 16 21 41/416 51 463
www.austrheim.kommune.no



Fra: Asbjørn Nagell Toft

Sendt: mandag 13. mars 2023 20:12

Til: Kristin Nåmdal <kristin.namdal@alver.kommune.no>

Emne: VS: Møte om KDP naturmangfald Austrheim

Hei Kristin

Etter avtale. Vonar de kjem i hamn de og.

Klem frå Asbjørn

Fra: Skouen, Sarah Kvåle <sarah.skouen@statsforvalteren.no>

Sendt: mandag 20. februar 2023 09:36

Til: Asbjørn Nagell Toft <asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no>

Kopi: Steinsvåg, Magnus Johan <magnus.steinsvag@statsforvalteren.no>; Hellesøe, Hege Brekke <hege.hellesoe@statsforvalteren.no>

Emne: Møte om KDP naturmangfald Austrheim

Hei Asbjørn og takk for møtet førre måndag hjå oss.

Her følgjer ei lita oppsummering som lova. Forstod at du har snakka med Magnus og at ein held kartlegging av hubro utanfor tildelinga de har fått frå Miljødirektoratet i samband med KDP, og løyser dette med andre midlar. Kartlegging/auka kunnskap om hubro kan då først som eit framtidig behov i planen.

Konsulentfirma kan vere nyttig å bruke til fleire delar av planen, mellom anna gjennomgang av eksisterande info i digitale baser, men også anna arbeid kan vere aktuelt. Det får de ta ein gjennomgang på i kommunen opp mot budsjett og behov. Som nemnd på møtet verker det naturleg at de har eit særleg fokus på kulturlandskap (kystlynghei, naturbeitemark og strandareal), skjøtsel av desse og ikkje minst kontroll med framande treslag. Under følgjer ei stikkords-liste frå møtet:

- Naturtypar å trekke fram:
 - Kystlynghei – fleire svært gamle og viktige område
 - Naturbeitemark
 - Strandeng/overgang mot det marine (blautbotn t.d.)
 - Marint naturmangfald – veit det er mykje rikt marint naturmangfald, men manglar kunnskap
- Arter å trekke fram:
 - Hubro – ønskje om å auke kunnskapsgrunnlaget, vert truleg oppfølgjande tiltak i handlingsdelen
- Utfordringar og trugslar:
 - Gjengroing
 - Sitka
- Særleg viktige område:
 - Purkebolsvatnet
 - Fosnastraumen
- Få oversikt over kunnskapen ein har i dag
 - Rapportar
 - Naturbase
 - Artskart
 - Lokalkunnskap
 - ++
- Handlingsdel

- Auke kunnskap
 - Hubro
 - marint naturmangfald
 - Kartlegge vestvendte lier - edellauvskog
 - Lokal kunnskap og medverknad – viktig å engasjere lokalt, og få fram den kunnskapen som ligg der. Medverknad kan også skape engasjement og interesse, t.d. blant politikarar, skuler, grunneigarar
- Nordre Follo har nettopp vedteke sin KDP for naturmangfald (07.12.2022), knappe 28 sider. Denne kommunen ligg langt fremme på landsbasis med slike planar, og kan verte nytta som «eksempel-kommune»: <https://www.nordrefollo.kommune.no/globalassets/nordre-follo/om-nordre-follo/styringsdokumenter/kommunedelplaner/kommunedelplan-for-naturmangfold-2022.pdf>
- Firma som evt. kan hjelpe med å lage ein slik plan: NNI, Miljøfaglig utredning, Rådgivende Biologer, Ecofact – send ein førespurnad og høyr om dei er aktuelle til eit slikt oppdrag. Aktuelle delar eit firma kan hjelpe med:
- Samansette kunnskap
- Lage gode kart som samansett innsamla kunnskap – viktig i formidling og opp mot kommuneplan/sakshandsaming
- Evt. skrive sjølve planen m/handlingsdel

Lykke til med arbeidet!

Med venleg helsing

Sarah Kvåle Skouen
seniorrådgjevar



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon 55 57 21 15

: sarah.skouen@statsforvalteren.no

E-post: [o](#)

Web: www.statsforvaltaren.no/vl